



## Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon  
Karen Elin Bakke, 55 57 21 26

Vår dato  
15.12.2014  
Dykkar dato  
06.10.2014

Vår referanse  
2014/12064 423.1  
Dykkar referanse  
14/2042

Lindås kommune  
Kvernhusmyrane 20  
5914 ISDALSTØ

### **Lindås kommune - gnr 140 bnr 49 og 50 - etablering av avløpsanlegg - klage over avvissingsvedtak**

Vi viser til ekspedisjon frå Lindås kommune, motteken av Fylkesmannen i Hordaland den 06.10.2014.

#### **Vedtak**

**Fylkesmannen stadfestar Lindås kommune sitt avvissingsvedtak av 23.09.2014.**

#### **Bakgrunnen for saka**

Vi føreset at partane er kjende med bakgrunnen for saka og saksdokumenta. Fullstendig saksreferat vert difor ikkje gjeve. Vi vil likevel kort nemne følgjande moment frå den tidlegare handsaminga av saka:

Terje Hauge og Lisbeth Skorpen kjøpte i 2008 bustadtomt, gnr. 140 bnr. 49, av Pål Storetvedt, gnr. 140 bnr. 37. Det er opplyst at det vart gitt byggjeløyve og utslippsløyve av Lindås kommune den 11.03.2009 i tilknytning til bustad på gnr. 49. Det er vidare opplyst at bnr. 37 og 49 skal ha felles utslipp via reinseanlegg (to husanlegg) plassert på bnr. 49 og med utslipp i austleg retning.

Advokatfirmaet Hauge har, på vegne av Terje Hauge og Lisbeth Skorpen, satt fram klage den 02.05.2014. Det vert vist til tidlegare korrespondanse mellom klagarane og Lindås kommune. Klagar meiner at Lindås kommune ikkje kunne gi løyve til etablering av avløpsanlegg for gnr. 140 bnr. 37 på gnr 140 bnr. 49 sin grunn. Det er mellom anna vist til at det ikkje ligg føre privatrettsleg avtale om rett for gnr. 140 bnr. 37 til å gå over grunnen til gnr. 140 bnr. 49 med avløpsrøra.

Klagen vart avvist av Lindås kommune den 23.09.2014.

Advokatfirmaet Hauge har klaga på avvissingsvedtaket den 01.10.2014 på vegne av Terje Hauge og Lisbeth Skorpen. Det går fram av klagen at Terje Hauge og Lisbeth Skorpen ikkje var kjende med at kommunen hadde godkjent avløpsanlegget til naboen over deira grunn før etter korrespondansen med kommunen.

Lindås kommune har vurdert klagen, men ikkje funne grunnlag for ta klagen over avvissingsvedtaket til følgje. Saka er deretter sendt Fylkesmannen for klagehandsaming.

Lindås kommune opplyser i e-post til Fylkesmannen den 10.12.2014 at kommunen har tolka klagen som ein klage etter plan- og bygningslova over byggeløyvet (avlaupsanlegget) gitt den 11.03.2009. Det er også gitt utsleppsløyve etter forureiningslova. Ein eventuell klage over eit utsleppsløyve skal handsamast av kommunen si kommunale klagenemnd.

### **Fylkesmannen ser saka slik**

Det følgjer av forvaltningslova (fvl.) § 33 andre ledd siste punktum at: *«Dersom vilkårene for å behandle klagen ikke foreligger, skal underinstansen avvise saken, jfr. dog § 31.»*

Det kjem vidare fram av fvl. § 29 første ledd at: *«Fristen for å klage er 3 uker fra det tidspunkt underretningen om vedtaket er kommet frem til vedkommende part».*

Det vart gitt løyve til etablering av avlauspanlegg den 11.03.2009. Klagefristen er såleis tre veker frå det tidspunktet underretninga om vedtaket er kome fram til vedkomande part.

Det kjem fram av fvl. § 31 at:

*« Selv om klageren har oversittet klagefristen, kan klagen tas under behandling såfremt*  
a) *parten eller hans fullmektig ikke kan lastes for å ha oversittet fristen eller for å ha drøyd med klage etterpå, eller*  
b) *det av særlige grunner er rimelig at klagen blir prøvd.*

*Ved vurderingen av klagen bør tas opp til behandling, skal det også legges vekt på om endring av vedtaket kan medføre skade eller ulempe for andre.*

*Klagen kan ikke tas under behandling som klagesak dersom det er gått mer enn ett år siden vedtaket ble truffet.»*

Klagen er satt fram seks år etter fristen i fvl. § 31 siste ledd. Det er såleis klaga meir enn eit år etter at kommunen gav løyve, slik at fvl. § 31 siste ledd, jfr. fvl. § 33 andre ledd, gir heimel for å avvise klagen i denne saka.

Fylkesmannen viser også til Lindås kommune sitt brev av 17.03.2014 der det er svart på spørsmål frå advokatfirmaet Hauge. Vi siterer følgjande frå brevet:

*«Korleis kunne kommunen gje utsleppsløyve til bnr. 37, med den løysinga som er i dag, dvs. med røyr gata over bnr. 49 utan at det førelåg privatrettsleg rett for bnr. 37 til å gå med røyra sine over bnr. 49?», og « Korleis kan kommunen seie at den ulovlege etableringa som bnr. 37 hadde anlagt er « legaisert», dvs. lovleggjort ved at bnr. 49, i faktisk villfarelse, søker om tilknytning til eit ulovleg etablert anlegg som de altså trur er lovleg etablert, og få godkjent tilknytning til det ulovleg etablerte anlegget?»*

*Søknaden frå bnr. 49 gjaldt ikkje nyetablering av utslippsanlegg. Det går klart fram av søknaden med relevante vedlegg. Det vises til opplysningane i punkt 8 i søknaden om utsleppsløyve der det står at din klient « skal tilknytes eks. Biovac minirensanlegg kl.1 For 2 husstander», og at « Eks anlegg er i dag tilknytt G:140 B:37.» Det vises vidare til skøyte der det går fram at din klient har kjøpt seg inn i eksisterande anlegg.*

*Endra plassering av det godkjente anlegget med røyr som går over bnr. 49 frå bnr. 37 er godkjent og «legalisert» etter søknad frå din klient. Vi viser til innsendt og godkjent situasjonsplan med VA anlegg og leidningar. Utsnitt av denne er skildra under. Situasjonsplanen viser at det føres røyr frå bnr. 37 fram til «eksisterande minirensanlegg for 2 hus» på bnr. 49. Når det er din klient som søker om tilknytning eksisterande anlegg og samtidig viser ny plassering av anlegget med tilhøyrande røyrleidningar på innsendte situasjonsplanar, er det ikkje naudsynt å be om ytterlegare dokumentasjon på bnr. 37 sine rettar på eigedomen då din klient er grunneigar.*

*Vi gjer merksam på at søknadsskjemaet «søknad om tilkopling og utføring av sanitæranlegg» berre gjeld tilkopling til offentlege leidningar, og er sjølvstendig ikkje vurdert av plan- og bygningsstyresmaktene eller forureiningsmaktene.*

*Korleis er det mogleg for kommunen å godkjenne utsleppsløyve frå bnr. 37 i h.h.t. søknaden frå bnr. 49 når eksisterande anlegg for bnr. 37 ikkje var lovleg etablert ?*

*Løyve til etablering av anlegg blir vurdert og handsama etter plan- og bygningslova. Utsleppsløyve blir handsama etter forureiningslov. Søknaden frå b nr. 49 har ikkje verknad for utsleppsløyvet for bnr. 37.»*

Fylkesmannen stadfestar etter dette kommunen sitt avvisingsvedtak. Vi gjer merksam på at vi berre har tatt stilling til om det er heimel for å avvise klagen over vedtak etter plan- og bygningslova. Som kommunen viser til, skal ein eventuell klage etter forureiningslova handsamast av kommunen si kommunale klagenemnd.

Fylkesmannens vedtak, jfr. side ein, er endeleg og kan ikkje klagast vidare, jfr. fvl. § 28 tredje ledd.

Med helsing

Laila Pedersen Kaland, e.f.  
seniorrådgjevar

Karen Elin Bakke  
seniorrådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Kopi til:  
Advokatfirmaet Hauge Steinavegen 8 6800 FØRDE